



## Stillingsomtalar for Arbeidsutvalet i Studentparlamentet i Volda

Studentparlamentet er av og for studentane ved Høgskulen i Volda. Arbeidsutvalet (AU) og representantane i Studentparlamentet jobbar saman for eit aktivt studentdemokrati.

Arbeidsutvalet (AU) fylgjer Studentparlamentet sine styringsdokument, og arbeider for å oppfylle Studentparlamentet sitt mandat. AU førebur saker og utfører vedtak gjort av Studentparlamentet. AU sørgjer for at studentdemokratiet ved Høgskulen i Volda jobbar langsiktig for å ivareta studentane sine interesser.

AU har faste møter ein gong i veka. Medlemene i AU kan tildelast arbeidsoppgåver utover det som står i stillingsomtalen, og avlastar kvarande ved behov. Medlemmane i AU prioriterer dette vervet framfor andre frivillige verv. AU sikrar god kontinuitet i studentdemokratiet og sørgjer for at eit nytt studentparlament vert oppretta kvart studieår. Avtroppande AU-medlemmar utvekslar erfaringar med påtroppande AU-medlemmar, og er tilgjengelege i ein overlappsperiode på ein månad etter endt verv.

AU er også ansvarlege for styret i Fadderveka, og legg til rette for at fadderstyret har gode arbeidsforhold i førebuing og gjennomføring av Fadderveka. AU bidreg til ei god evaluering av Fadderveka kvart år.

Verva i AU er honorerte etter fastsette satsar 11 mnd i året (unnateke juli).

### Verv i AU i Studentparlamentet:

- Leiar
- Fagansvarleg
- Informasjonsansvarleg
- Velferdsansvarleg
- Internasjonalt ansvarleg
  
- *Nestleiar – vald av Studentparlamentet blant medlemane i AU*
- *Ordstyrar til møta i Studentparlamentet – er ikkje ein del av AU, men er eit honorert verv.*

## Leiar

- Er ansvarleg for at det daglege arbeidet i Studentparlamentet vert utført, og koordinerer arbeidet til medlemene i AU.
- Er hovudansvarleg for at fatta vedtak blir iverksette.
- Representerer Studentparlamentet utad på ein ryddig måte, og har hovudansvar for mediehandtering.
- Jobbar saman med organisasjonskonsulenten for ei god prioritering av arbeidsoppgåvene i den daglege drifta til Studentparlamentet.
- Ivaretek og vidareutviklar kontaktnettet til Studentparlamentet.
- Deltok på leiingsmøte med leiinga ved HVO og SiVolda saman med nestleiar.
- Leiar arbeidet med utdeling av Studentprisen.
- Er kontaktperson for faddervekestyret.
- Er fast representant i Studentrådet til UH-nett Vest.
- Er fast studentrepresentant i Tilsetjingsutvalet for undervisnings- og forskingsstillingar (TUFO).

## Fagansvarleg

- Fylgjer opp studierelaterte saker for Studentparlamentet.
- Er kontaktperson for dei tillitsvalde, og har ansvar for opplæring og oppfølging av dei.
- Arrangerer møte med Studentrådet, som består av alle tillitsvalde, minst ein gong i semesteret
- Sikrar god informasjon ut til studentmassen om tillitsvaldordninga, gjennom bl.a. oppdatering av tillitsvaldhandboka, i samarbeid med informasjonsansvarleg.
- Samarbeider med Velferdsgruppa og andre relevante aktørar for å tilby fagrelaterte kurs og opplæring.
- Er fast studentrepresentant i Utdanningsutvalet og Forskingsutvalet ved HVO.

## Velferdsansvarleg

- Samarbeider med Velferdsgruppa for å vidareutvikle velferdstilbodet for studentane.
- Er kontaktperson for alle studentlag, studentorganisasjonar og -festivalar ved HVO, og arrangerer møte med studentorganisasjonane ein gong per semester.
- Held kontaklinformasjonen til lag og organisasjonar oppdatert.
- Legg praktisk til rette for søknadar og tildeling av velferdsmidlar til studentorganisasjonane.
- Bidreg til å arrangere sosiale aktivitetar internt i Studentparlamentet.
- Sit i juryen for Prisen for internasjonalisering, saman med internasjonalt ansvarleg
- Er fast studentrepresentant i Læringsmiljøutvalet (LMU) ved HVO.

## Informasjonsansvarleg

- Har ansvaret for Studentparlamentet sin grafiske profil, herunder utforming av profilerings- og informasjonsmateriell.
- Bidreg til innhaldet på nettsidene, og held våre sosiale medium oppdaterte.
- Promoterer Studentparlamentet sine aktivitetar og arrangement.
- Samarbeider med kommunikasjonsavdelinga ved HVO.
- Er fast studentrepresentant i Valstyret ved HVO.

## Internasjonalt ansvarleg

- Arbeider saman med internasjonalt kontor for å sikre utanlandske studentar sine rettigheter på HVO, og arbeider for å sikre HVO sine studentar i utlandet.
- Jobbar for best mogleg inkludering av internasjonale studentar, blant anna gjennom samarbeid med Pangaia og arrangering av Buddyweek.
- Er hovudansvarleg for Studentparlamentet sine oppgåver knytt til Norwegian Night.
- Er kontaktperson til Studentenes og Akademikernes internasjonale hjelpefond (SAIH)
- Leiar arbeidet med utdeling av Prisen for internasjonalisering.
- Er fast studentrepresentant i Internasjonalt utval ved HVO.

## Nestleiar

- Vert vald av Studentparlamentet blant medlemmane i AU.
- Er leiars stadfortredar ved behov.
- Delttek på leiingsmøte saman med leiar.
- Er vara for leiar i Studentrådet i UH-Nett Vest.

## Ordstyrar

Ordstyrar leiar møta til Studentparlamentet, og sørgjer for ryddig saksframlegging og ein god møtekultur. Ordstyrar er nøytral, og fremjar ikkje egne synspunkt eller tek stilling i saker. Ordstyrar legg til rette for inkluderande og trygge møter der alle får kome til ordet.